



Lom



Skjåk

Felleskontor for plan, miljø og byggesak

## **Notat til regionalt planforum 17.06.2025:**

### **Oppstart av arbeidet med reguleringsplan for Lågkollen, Lom kommune**

I kommuneplanens arealdel frå 2003 vart eit område på ca 120 daa på Lågkollen i Garmo/Vårdalen vist som framtidig næringsområde. Da kommuneplanens arealdel seinare vart revidert, med vedtak i 2022, vart dette området utvida til 195 daa, sjå vedlagt kart. Det går fram av planførere segnene at området på Lågkollen ikkje kan nyttast til detaljhandel, med unntak av plass- og transportkrevjande varehandel. Dette vart teke inn i kommuneplanen etter tilråding frå Innlandet fylkeskommune. Det er krav om reguleringsplan før utbygging. Planområdet er skogdekt, med unntak av ein pelsdyrfarm som ikkje lenger er i bruk (19 daa). Det er gjennomført konsekvensutgreiing for området i kommuneplanens arealdel (2022), vedlagt her.

Det er no ikkje att ledige næringstomter i industrifeltet ved Fossbergom/Lom sentrum. Det er derfor nødvendig for vidare utvikling av næringslivet i kommunen at det blir gjennomført regulering og ferdigstilling av området på Lågkollen.

Ei utfordring for planarbeidet er at det i dag ikkje er kjent kva for type verksemder som vil bli etablert her. Det kan derfor oppstå ein situasjon i framtida der enkeltverksemder ønskjer å etablere tiltak som kjem inn under §§ 6 og 8/vedl. I eller II i *Forskrift om konsekvensutredn.*

Spørsmålet blir da korleis kommunen som forslagsstillar og planmyndighet handterer forholdet til konsekvensutgreiing. Som nemnt er det gjennomført konsekvensutgreiing i kommuneplanens arealdel, men her er det ikkje teke høgde for kva for type tiltak/verksemder som kan kome i området, jfr. opplistinga i vedl. I og II i KU-forskrifta. Er det ei mogeleg løysing at reguleringsplanen blir gjennomført som områderegulering, med krav om detaljregulering for enkelttomter dersom det er planlagt tiltak som er nemnt i vedl. I, og at kommunen som planmyndighet vurderer om det skal setjast krav om reguleringsplan og konsekvensutgreiing for tiltak som er nemnt i vedl. II - ?

Vedlegg:

Kartutsnitt kommuneplanens arealdel - Lågkollen

Konsekvensutgreiing for Lågkollen næringsområde i kommuneplanens arealdel (2022)